

# Årsmelding for 2024



Årsmøte i Bore kyrkje 9. mars kl. 19.30



**BORE KYRKJE**  
SETT - FAMNA - UTFORDRA

# INNHOLD

---

Årsrapport for Bore sokneråd 2024

Tilsette i 2024

Årsrapport for det diakonale arbeidet i Bore kyrkjelyd

Årsrapport for Kraftfôr

Årsrapport Bore barnekor

Årsrapport for ungdomsarbeidet

Årsrapport for søndagsskolen

Årsrapport for Nådepuls

Årsrapport for det musikalske arbeidet

Årsrapport for Kirkens SOS

# ÅRSRAPPORT FRÅ BORE SOKNERÅD

---

## Kjære medlemar av Bore kyrkjelyd,

Vi i Bore sokneråd ønsker å takke kvar og ein av dykk for eit meiningsfullt år saman. I tråd med Bore kyrkje sin visjon: «sett, famna og utfordra», og Den norske kyrkja sin visjon om «meir himmel på jord», har vi arbeidd for å styrke banda mellom menneske og Gud. I følgje Store norske leksikon betyr sjølve namnet Bore «band». Det viser til den smale landstripa/bandet mellom Orrevatnet og havet. Vi ønskjer å vere dette bandet som bind oss saman i trusfellesskap, særleg i desse usikre tidene der vi treng lys og håp.

Guds bodskap til oss er å elske Han, og våre medmenneske som oss sjølve. Vi må møte kvarandre med respekt, enten vi er einige eller ueinige. Dialog er ein brubyggjar, noko som biskop Anne Lise Ådnøy var tydeleg på under bispevisitasen.

## Strategiske mål

I løpet av denne soknerådsperioden (2023–2027) har soknerådet sett opp tre strategiske mål som vi vil ha auka fokus på:

1. Frivillighet
2. Husfellesskap
3. Misjon

Vi er i gang med å lage konkrete tiltaksplanar for kvart av desse områda.

## Frivillighet

I desember blei det gjennomført ei ny NaMu-undersøking. NaMu står for naturleg menighetsutvikling og seier noko om utviklinga i kyrkjelyden over tid. Erfarings messig får fokusområde betre utvikling. Sjølv om vi veit at talet på frivillige er nokolunde stabilt, er det behov for bevisstgjering rundt nådegåvebasert teneste. Vi vil sette fokus på rettleiing og undervisning for å hjelpe fleire med å finne sine nådegåver, samt styrke oppfølginga av dei frivillige.

## Misjon

Vi har over lengre tid hatt stabil sum på gåver til misjonsprosjektet vårt. Men no ønskjer soknerådet å velje eit nytt misjonsprosjekt, og dermed også auke engasjement og aktiv deltaking i ulike initiativ. Her trur vi det er mykje å glede seg til!

## Husfellesskap

Husfellesskapa våre er essensielle for å bygge nære relasjonar til kvarandre og Gud.

Her har mange fått moglegheita til å fordjupe seg i Bibelen og dele livets gleder og sorger. Vi veit at husfellesskapa er viktige for mange, og vi gler oss over at nye grupper blir danna. Husfellesskapa har også teke på seg oppgåver for kyrkjelyden, som til dømes kveldsmat på Alphakursa. Tusen takk!

**Utanom desse tre fokusområda, har det og skjedd mykje anna kjekt i 2024:**

### **Bispevisitas**

I september hadde vi visitas med biskop Anne Lise Ådnøy. Dette blei ein oppmuntrande og inspirerande visitas der biskopen saman med oss reflekterte over kyrkjelyden sitt liv og framtid. Vi hadde rådsmøte saman med Klepp og Orre. Vi gjekk på pilegrimsvandring frå Orre friluftshus til Orre gamle kyrkje, der vi avslutta med gudsteneste og kyrkjekaffi. Det blei arrangert kulturkveld ved Jærhagen med temaet «Er det ingen vaksne heime?» Visitasen blei avslutta med felles gudsteneste i Vollhallen for Bore, Klepp og Orre. Biskop Anne Lise Ådnøy runda det heile av med visitasforedrag og hennar betraktingar om dei ulike kyrkjelydane. Her kom ho med gode råd for det vidare arbeidet. Biskopen var opptatt av at dei ulike kyrkjelydane i Klepp hadde god dialog og fokus på kva som kunne gjerast saman, og kva arrangement som burde gjerast kvar for seg. Elles utfordra ho oss på samarbeidet mellom kyrkje og skule og på besøkstenesta i soknet.

Vi har starta opp med tenesta besøksvenn, som er ein del av vårt diakoniarbeid. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du kjenner nokon som treng ein besøksvenn, eller ønsker å bli ein sjølv.

### **Menighetsweekend**

Menighetsweekenden til Ognatun var eitt av fleire høgdepunkt i året. Temaet «det usynlege gullet» inspirerte alle generasjonar. Lite slår det å dele måltid, Gud, samtalar, leik og godteri saman over tid. Det blei også tid til bibelsmugling med ivrige små og store. STOR takk til komiteen!

### **Bibelen**

Fra sist årsmøte blei det lansert ei utfordring om å lese gjennom Bibelen på eitt år, og fleire i kyrkjelyden har engasjert seg i dette.

I tillegg har Ivan vore dyktig på undervisninga frå ulike bøker i Bibelen. G2-gudstenestene er temabaserte og til inspirasjon for å dele Guds ord mellom oss. Det er viktig å kunne sin Bibel. Her blir vi jevnleg «testa» under familiegudstenestene våre. Bibel eller babbel? Her gjeld det å reise seg på rett sitat :)

### **Salmekveld**

Salmekveldane har gitt oss moglegheit til å oppleve den rike salmeskatten gjennom både ord og tonar. Tusen takk til Med-songarane våre for alt godt arbeid.

## Nådepuls

Nydelige kveldar med lovsong og vitnesbyrd. Komiteen er dyktig til å få folk til å føle seg heime. Her er det rom for påfyll. Takk!

## Desember

Desember var ein fin månad, der både skular og barnehagar fekk oppleve julehøgtida i kyrkja. Bore skulekorps spela flott til julesongane på «Syng jula inn».

Vi synest også at to gudstenester på julaftan fungerte fint. Kyrkja var flott pynta, og vi fekk oppleve barnesong, dans og dyktige solistar. Sjølv om vi opplevde nokre lydproblem på den siste gudstenesta, blei det flott høgtidsstemning.

Alphakurset kom og i gang på nyåret (2025). Her startar vi med nydeleg kveldsmat, lærerik og engasjert undervisning og avsluttar med gode samtalar i grupper. Håpar vi får til å arrangere dette fleire gongar!

Vi fekk også takka av menighetspedagogen vår, Solfrid Vigdel Skalvik. Ho har sett gode spor i mange barn gjennom åra. Takk for engasjementet! Vi vil også ønske Anette Dagfinrud Thorset hjartleg velkommen som ny menighetspedagog. Gler oss til å samarbeide :)

Vi har mykje å glede oss over i Bore kyrkjelyd. Oppdraget vårt er Misjonsbefalinga. Spennande! Vi arbeider kontinuerleg med å evaluere arbeidet og gjere endringar om det trengst. Så gler vi oss over å ha fått ein god komité til å planleggje ny kyrkjestove. Spennande tider!

Stor takk til stab og frivillige som legg ned mykje godt arbeid. Utan dykk hadde det vore vanskeleg å drive alt det gode arbeidet.

Med vennleg helsing,

Torunn Renate Bore for Bore sokneråd

## Økonomi

Dagleg leiar og menighetspedagogane vert delvis løna av innsamla midlar. Me reknar med at denne kostnaden vil auke i åra framover, p.g.a. auka løns og pensjonskostnadene. Den faste gjevartenesta er pilaren i økonomien vår, og har halde seg ganske stabil i 2024, men med ein liten nedgang frå 2023. På grunn av utfordringar i kommunen si økonomiavdeling er ikkje rekneskapen for 2024 klar enno. Rekneskapen vert sett inn i årsmeldinga og publisert så snart det er klart. Me har og oppsparte midlar som i hovudsak kjem frå testamentariske gaver.

## Litt statistikk for 2024;

- Gudstenester på søndagar/heilagdagar: 48
- Deltakare totalt; 5398
- Deltakare i snitt: 113 (101 i 2023)
- Nattverdsdeltakare i snitt: 85 (71 i 2023)
- Deltakrar på julaftangudstenester: 319 (2 gudstenester)
- Skule- og barnehagegudstenester: 7 (inkl. 3 julevandringar)
- Antall døypte: 36 (35 i 2023)
- Antall konfirmerte: 36
- Frivillige medarbeidaranar: 134 personar

## **Soknerådet**

Det er 6 faste medlemmer i soknerådet, og 2 vara som begge møter. Sokneprest er og fast medlem i rådet. Soknerådet vel sjølv leiar og nestleiar. I 2024 var Torunn Renate Bore leiar og Junhild Frøyshov nestleiar.

Soknerådet nyttar på kvar samling god tid til skriftlesing, samtale og bøn, samt samtale om arbeidet generelt, og om strategien. Alle møter og referat er offentlege.

### **Bore sokneråd 2024:**

Torunn Renate Bore

Junhild Frøyshov

Terje Skår

Marita Midtun Finstad

Elisabeth K. Jørgensen

Åsmund Olav Steinnes

Ivan Fjeld (sokneprest)

Dan Egil Skrikrud (vara)

Gunnar Thorset (vara)

Anders Gjetmundsen har permisjon frå soknerådet i 2024.

Bore sokneråd

20. februar 2025

# TILSETTE I BORE KYRKJELYD 2024

---

<b>Namn</b>	<b>Stilling</b>	<b>St.prosent</b>
Ivan Fjeld	Sokneprest	100%
Hilde K Eikeland	Dagleg leiar	60% * (10% permisjon)
Sofrid Vigdel Skalvik	Menighetsped. born	70% *
Jarle Stokka	Menighetsped. ungd.	50% *
Elin Underhaug Kanu	Organist	60%
Kari Haavardsholm	Sekretær	25%
Merete Hoftun Bjerga	Ungdomsarbeidar	15% (tom juni)
Oxana Churkina	Reinhaldar	20%
Arne Tveranger	Teknisk medarbeidar	10%
Jac Malvin Salvesen	Kyrkjetenar	10% (tom juli)
Benjamin L Salvesen	Kyrkjetenar	10% (fom august)
Ruth Bråtevit	Diakon, i fellesområdet	100% (fom februar)
Ketil Terning	Kyrkjetenar, i fellesområdet	100%

\*stillinga er delvis finansiert av kyrkjelyden

# ÅRSRAPPORT FOR DET DIAKONALE ARBEIDET I BORE MENIGHET 2024

---

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar. Frå 1.februar 2024 har det vore vikar i 100%.

## **Diakoniutvalet Bore**

Åsmund Steinnes - repr. for soknerådet og leiar, Wako Roba, Liv-Astrid Hausberg.

Diakoniutvalet har hatt 3 styremøte.

## **Diakonale tiltak i Bore, 2024**

- Besøkstenesta i Bore inneholder jubilantbesøk ved fylte 85 og 90 år. Besøka er gjennomført av to frivillige, diakoniutval. 13 jubilantar fekk besøk.
- Det er tilbod om samtaler. Mange tek i mot dette tilbodet.
- Oppfølging av etterlatte skjer individuelt ved behov. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlatte, som er eit samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes og Sola.
- Bønnearbeidet i Bore har eit rikt mangfold. Her er bønnesamlingar, bønnekort for konfirmantane, bønn i heimane, bønn i gudstenesta mm.
- Gjennom Nabobønn er Bore sokn delt inn i soner og dekka av forbønn. I tillegg var det inspirasjonssamling i november 2024.
- 7 kjekke strikkekveldar har vorte gjennomførte.
- Spele og drøs for menn er lagt ned frå nyttår av.

## **Samarbeid med Klepp kommune**

- Samarbeidet med kommunen som i år ha vore gjennomført er besøkstenesta, Besøksven og Våketjenesten.

## **Samarbeid med andre menigheter, fellesråd og andre organisasjoner**

- Julegaveaksjonen deltok Bore kyrkjelyd på øg i år.
- Minnegudstenesta 3.november blei arrangert felles i Klepp kyrkje.
- Formiddagstreffet på Stasjonsbygningen på Klepp stasjon har hatt 8 samlingar. Me ser ein svært positiv utvikling med fleire deltagare. Formiddagstreffet er eit samarbeid mellom alle 4 kyrkjelydane i Fellesrådet.

- Gudstenestene med tilrettelagt klubb, Torsdagstreffen, hadde 9 samlingar, ein av dei er sommarturen til Voll juletregard i juni. I tillegg til prest, organist og diakon er det fleire frivillige med frå Klepp. 17.november blei det gjennomført ein Heil-gudsteneste med tilrettelegging for menneske med spesielle behov.
- Institusjonsandaktene har gått som normalt i 2024 og er fordelt mellom prestane og diakonen. Organist er med kvar gong. Vi har og fått lagt inn i planen, nattverd 2 ggr i halvåret.
- Den årlige seniorfest gjekk av stabelen 19.mars 2024. Seniorfesten er eit samarbeid mellom dei 4 sokna i fellesrådet.

**EI STOR TAKK** til alle frivillige i Bore kyrkjelyd!

Ruth Bråtveit,

Diakonimedarbeidar.

# ÅRSRAPPORT FOR KRAFTFÔR 0-12 ÅR

---

## Barn 0-12 år

Bore kyrkje sin plan for trusopplæring heiter «Kraftfôr». Planen fortel kva for breiddetiltak kyrkjelyden inviterer til på dei ulike aldersstega. Menighetspedagogen har hovudansvaret for å leie dette arbeidet, men tiltaka kan ikkje gjennomførast utan at frivillige leiarar er med.

Den norske kyrkja arbeider nå med ein ny overordna plan for alt undervisningsarbeid som foregår i kyrkjene. Den generelle delen av planen er allereie komen. Det er nå klart at omgrepet «trusopplæring» vil fasast ut, og den nye planen vil heite «Plan for undervisning og læring». Det vil vere nødvendig å gjennomgå Bore sin plan, «Kraftfôr», framover, og sjå den i lys av den nye, overordna planen som kyrkjemøtet skal vedta.

Nytt av året er og at det er kome ny barneskule i soknet; Kleppelunden skule. Kyrkja sine medlemmar på denne skulen bur innanfor ulike soknegrenser, så nokre av barna tilhøyrer Bore sokn, mens andre tilhøyrer Klepp sokn. Dette fører til enkelte nye utfordringar med tanke på kven som får delta på tiltaka våre. Stabane i Bore og Klepp samarbeider tett for å finne gode løysingar på dette, men her er me nok ikkje heilt i mål endå.

### **Bore sokn har gjennomført følgjande breiddetiltak for barn 0 – 12 år i 2024 :**

#### **0 år    Dåp og Dåpssamling**

33 babyar/småbarn og 3 konfirmantar vart døypte i 2024. Det er om lag like mange som året før. Det er presten som har hatt dåpssamling eller samtale med dåpsforeldra.

#### **0–3 år Babysong og småbarnssong**

Det har vore to kurs i Babysong også dette året. Vårkurset hadde 12 deltagarar, og kurset om hausten hadde 14 påmelde. Merete Hoftun Bjerga leia haust kurset.

Våren 2024 kunne me inviterte til Småbarnssong for 1 – 3-åringar. Margit Kristine Grude leia samlingane annakvar måndag i kyrkestova.

#### **3 år    Søndagsskulebesøk.**

Også i år vart 3-åringane inviterte til «Supersøndagsskule» i Vollhallen. Leiarane på Søndagsskulen gjennomførde ei flott samling med song, drama og kjekke aktivitetar for dei mange små og store som kom. 13 familiar kom med 3-åringar, og dei kunne

delta på ein eigen aktivitet berre for dei, og fekk ei bok med seg heim. Anne Brit Espeland hadde ansvar for 3-åringane denne dagen.

4 år Pølsesang

Dette tiltaket vart arrangert i samarbeid med barnekoret. 4-åringane vart inviterte til ei korøving, der dei fekk lære nokre songar, spele på rytmearkistment, og høyre om skapinga frå Bibelen, saman med barna i koret. Til slutt fekk alle pølse og saft.

4 år Utdeling av 4 års bok.

Utdelinga av barnebibel til 4-åringane føregjekk på ei familiegudsteneste i oktober. Det er framleis «Bibelen for dei små» dei får utdelt.

5 år Pinsebursdag

Laurdag etter pinse feira me kyrkja sin fødselsdag, saman med 5-åringar og deira føresette. Dei fekk høyre frå Bibelen om det som hende pinsedag, og om Den Heilage Ande. Etterpå fekk barna lage eit bilet, ete pølser og kake, og gå på aktivitetspostar.

6 år Skulestartmarkering

For første gong dette året inviterte me dei som skulle byrje på skulen etter sommaren til ei markering under utegudstenesta i juni. På grunn av været måtte gudstenesta og aktivitetane stort sett vere inne i Vollhallen, men dette la absolutt ingen dempar på stemninga. Det vart ei flott gudsteneste med ca 200 personar, der heile staben bidrog med drama i preika, speidaren deltok, og 14 6-åringar med familiar var med. Skulestartarane fekk matboks og linjal i gåve, og dei fekk velsigning og bøn med seg på vegen vidare.

7 år 1.Klasseklubb (tidlegare Dåpsskule)

1.Klasseklubben hadde to grupper dette året, med nær 20 deltagarar i kvar gruppe. Gruppene hadde to samlingar kvar i kjellaren på Bore bedehus. I tillegg deltok alle på familiegudsteneste i kyrkja. På tysdagane vart barna henta på skulen, og følgde tilbake til sfo etter samlinga. Sakkeus, Den gyldne regel og Jesu oppstode var viktige tema. 1.klassingane fekk og mat, og det vart tid til litt frileik. 5 gutar frå 6. klasse var med som hjelparar, i tillegg til vaksne frivillige og foreldre.

8 år Tårnagenthelg

I april arrangerte me Tårnagenthelg for 3. klassingar. Barna fekk løyse ulike oppdrag som «ekte» agentar kom med, mellom anna ei skattejakt. Agentane fekk og gå i ein labrint, dei fekk utfordre seg i samarbeid, utforske kyrkjetårnet, og dei fekk god mat. Dei lærte mellom anna om Kristi himmelfartsdag og pinse. Agentane deltok på familiegudstenesta på søndagen, der dei fekk utdelt boka «Skatten i Liljedal».

**9 år Etter skuletid.**

Det er frivillige leiarar frå kyrkjelyden og Bore bedehus som driv dette tiltaket, og dei held til i kjellaren på bedehuset. 8 tysdagar kan 4. klassingar på Bore skule kome til bedehuset rett etter skulen for å få undervisning og mat, spele og ha det kjekt. Dei kan og gjere lekser, om dei ønskjer det.

*Etter skuletid* hadde 4 samlingar før jul (2023) og 4 samlingar i januar 2024. Det var 23 påmelde 4. klassingar. Siste søndagen i januar var barn og vaksne frå *Etter skuletid* inviterte til ei familiegudsteneste. Barna framførde då noko av det dei hadde lært, og dei fekk ei gāve frå kyrkjelyden.

Leiarar på *Etter skuletid* 2023-24 har vore Olav Vestvik, Anne Mundal, Oddvar Høie, Karen Høie, Hild Arna Voll, Hans Voll, Geir Magne Hauge og Marit Lauvskar.

**10 år Tweenslørdag**

Dette tiltaket for 5.klassingar måtte dessverre utgå i 2024 på grunn av sjukdom.


**11 år Lys vaken**

Dette tiltaket er for 6. klassingar, som kan kome til kyrkja laurdag kveld, og overnatte i kyrkjerommet til søndag. På programmet står mellom anna undervisning, hobbyaktivitet, mat, uteaktivitet, konkurransar og film. Lys vaken sluttar av etter familiegudstenesta på søndagen.

Det var mange som bidrog i gjennomføringa av Lys vaken 2024. Dei fleste i staben var involverte, Simen Kaspersen var «leirsjef», og 18 frivillige hjelpte til på ulike måtar.

**Tusen takk til alle som har vore med som frivillig medarbeidar på eitt eller fleire tiltak i 2024! Me er svært takknemlege til kvar og ein for innsatsen i dette viktige arbeidet!**

## Søylediagram over deltaking i trusopplæringa i 2024 i % av medlemmer:



Sofrid Vigdel Skalvik

Menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR BORE BARNEKOR

---

Barnekoret er for barn frå cirka 4 år og opp til og med 2. klasse. Musikken spelar me via anlegget (spotify), eller så akkompagnerer Elin på piano. Av og til spelar me på rytmearinstrument, og det hender me nyttar kostymer. Det er kaffi til foreldra under øvinga, og andakt kvar gong.

Barnekoret har hatt øving annakvar måndag frå kl. 17.15-18.00 dette året. Me hadde 36 barn på namnelista i 2024, og 23 betalande medlemmar.

I tillegg til øvingane deltok barnekoret på ei familiegudsteneste i kyrkja, og på Visitasgudsteneste i Vollhallen. Barnekoret hadde og ein vårkonsert og ein julekonsert i kyrkja for familie og vener.

Ein av øvingane hadde me «Bamsefest». Då fekk favorittbamsen vere med på kor, og me åt bamsemums og bamsechips.

I oktober hadde me «Pølsesang». Då var alle 4-åringane i Bore sokn inviterte til å vere med på ei øving, der me avslutta med pølser og saft i kyrkjestova.

Nytt i haust var at skulebarna i koret fekk kveldsmat og leik i kyrkjestova etter kvar øving. Det var ei mor i koret, Anette Thorset, som drog i gong dette, og det vart svært vellukka! Anette har vore vikar for Solfrid i haust.

## Leiarar i Bore barnekor 2024 har vore:

Maren Versland	dirigent (vår)
Anna Øygarden Larsen	dirigent (haust)
Solfrid Vigdel Skalvik	kontaktperson
Elin Underhaug Kanu	piano
Even Vigdel	Teknikk
Dan Egil Skrikrud	Teknikk (konsertane)
Ella Vigdel	Medhjelpar
Margrethe Vigdel Skalvik	Medhjelpar
Nina Roaldsøy	Vaksenleiar
Anette Dagfinrud Thorset	Kveldsmatansvarleg/vikar

Solfrid Vigdel Skalvik, Menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR UNGDOMSARBEIDET

---

## Newbie

Newbie er navnet på det aldersspesifikke trosopplæringstiltaket for 8.trinn. I 2024 ble tiltaket gjennomført som normalt, med Boblefotball i Vollhallen. Det var 29 deltagere.

## Opptur (navnet på konfirmantsamlingene)

I 2024 ble konfirmantundervisningen gjennomført som normalt. I tillegg til fellessamlingene fortsatte vi med ulike konfirmantgrupper. Det ble gjennomført Trollaktiv-leir til Evje. 09-erne fikk noen fine dager med undervisning, vitnesbyrd, forbønn og aktiviteter i 2023.

-37 konfirmanter ble konfirmert, fordelt på 5 konfirmasjonsgudstjenester

Flere ungdommer fulgte deler av undervisningen, men valgt bort konfirmasjonsgudstjenesten. En konfirmant fulgte undervisningen digitalt.

Fasteaksjonen ble gjennomført etter modell fra året før. Øving og kappeprøving ble også gjennomført, konfirmantene fikk i tillegg en fin intern avslutning med enkel servering og bildevisning fra konfirmasjonsåret.

Flere 09-ere trekker i evalueringen frem en veldig fin konfirmasjonstid! Det er noen som trekker frem ønsker om flere samlinger/måltider/sosialt. Se sitatene under for noen gullkorn:

«Eg syns det kunne vært flere samlinger»

«Eg har lært mye om masse!»

«Eg har lært å tilgi»

«Jeg har lært at jeg liker å møte nye folk»

«Eg har lært mykje meir om Gud og Jesus»

«Jeg har lært at det er gøy på Bore bedehus»

Konfirmanthappeningen på Jærgårds ble gjennomført for 2010-erne, og det kom også noen 09-ere som ikke fikk anledning til å delta året før.

---

Trollaktivleiren til Evje for 2010-erne gikk som normalt, i forbindelse med møtene ble det lagt til rette for forbønn og samtale. Noe flere benyttet seg av. I tillegg til to frivillige var det flere foresatte som stilte som ledere for at vi kunne gjennomføre en veldig kjekk leir.

Vi arbeider videre med samarbeid mellom menighetene. I Bore prøver vi ut et samarbeid med Klepp frikyrkje. Vi har hele 2024 vært sammen om en av konfirmantgruppene, og ser på mulighetene for å drive felles ledertrening og rekruttering.

### **Konfreunion**

Konfreunion ble gjennomført i form av Paintball på Reke Event. Det ble dannet en egen komite og det var 14 deltagere på selve arrangementet.

### **Ledertrening**

Det arbeides aktivt for å rekruttere nye ungdomsledere, særlig blant konfirmantene og eldre ungdom. Våren 2024 har en av konfirmantgruppene hatt ledertrening som sin hovedaktivitet, de har dratt på egen leir og de har hatt «praksis» i trosopplæringen i menigheten. 3 ungdommer fra denne gruppa var med etter konfirmasjonstiden for å gjennomføre Lys Våken. 1 fjarårskonfirmant var med til Evje, som en slags rekrutt. Melissa Reime, som også er tidligere konfirmant i Bore, har hatt ansvaret for aktivitetene på en av konfirmantsamlingene.

### **Åpen hall**

En av konfirmantgruppene har valgt eget styre for å kunne planlegge egne aktiviteter og motta frifondmidler, styret fortsetter til årsmøtet/foreldremøtet i mars. Styret har valgt å åpne noen av samlingene fremover for tidligere konfirmanter/eldre ungdommer. Det er rift om plassene når det nå skal velges nytt styre. Meldes om behov for flere voksne i dette arbeidet, kanskje særlig utfordrende med nok ledere de gangene det er UG etter Åpen hall.

**Takk til frivillige og foresatte som baker, kjører og er med som voksne!**

Jarle Stokka, menighetspedagog

# ÅRSRAPPORT FOR SØNDAGSSKOLEN

---

I 2024 har det vært 17 vanlige søndagsskolen og 1 supersøndagsskole. Denne var i Voll-hallen der 3 åringene var spesielt invitert og fikk utdelt bok om den bortkomne sauens.

Dansegruppen har fortsatt dette året, barna koser seg mye her. Den kommer til å fortsette i 2025.

Elisabeth Haus var hovedleder. Marit Irene Haugstad tar over hovedleder ansvaret i 2025. Gaute Hovtun slutter ved årsskiftet 24/25. Ledere ved årsskiftet er Kristina H. Kåstad, Trond Berge, Anders Gjetmundsen, Marit Irene Haugstad, Elisabeth Haus (delvis).

Elisabeth Haus, hovedleder 2024.

# ÅRSRAPPORT FOR NÅDEPULS

---

Nådepuls er en kveld med lovsang og tilbedelse, med mulighet for å dele liv og vitnesbyrd. Vi ønsker i størst mulig grad å la Gud lede disse kveldene.

I 2024 ble det arrangert 7 Nådepuls. Disse ble arrangert på sønader (med unntak av 2.påskedag) fra klokken 20 til ca 21.30, med mulighet for å bli igjen for kaffe og drøs i kirkerommet. Oppmøtet var på ca 80 personer per gang.

Lovsangen ble ledet av musikere fra menigheten og omegn. Forbønnstjenesten stilte med forbedere. Randi Kjøllesdal og Hild Arna Bjånes Voll tok på seg ansvaret for at det ble servert kaffe og noe å bite i, og Hans Voll tok rollen som kirkevert.

Vi opplever at det kommer mange tilreisende. Vi i teamet synes det er kjekt at Nådepuls er blitt en arena hvor vi kan samles på tvers av menigheter, og er spent på hvor Gud tar dette videre.

Nådepuls-teamet består av Margit Kristine Grude, Jens Kåre Stokka, Karine Eikeland Stokka, Ingvar Kjøllesdal og Hanna Voll Kjøllesdal

Jens Kåre Stokka

# ÅRSRAPPORT FOR DET MUSIKALSKE ARBEIDE

---

2024 har vore eit jamt og godt år med god medverknad av friviljuge.

Me har fortsett med tre ulike typar hovudgudstenester; Familie, G1 og G2. I tillegg kjem høgtidsgudstenester, konfirmasjonsgudstenester og kyrkjelege handlingar som vigsler og gravferd.

Organisten fekk lov å reisa på kurs i rytmisk kyrkjemusikk i Oslo i januar 2024. Dette ga verdifull fagleg, sosialt og åndeleg påfyll til vidare teneste.

## **1| FAMILIEGUDSTENESTER** ein gong i månaden. Heile 22 barn er med jamleg som forsongarar i *Mini Lovsangere*

Familiegudsteneste komiteen planlegg gudstenestene. Dei vel songar, tema, intervjuprojekt og innhald. Gruppa består av Anette D. Thorset, Daniel Lyngstad, Gerny S. Voll og Johannes Voll.

Det vert laga speleliste som delast med *Mini Lovsangere* så dei kan førebu seg før gudstenesta. Anette, Gerny, Kristine Hovtun og Camilla Lyngstad hjelpt til med å førebu barna som skal delta med innlæring av songar, dans (Kristina Kåstad), dirigering og andre ting dei skal ha ansvar for i gudstenesta.

Medverkande møter ca ein time før for gjennomgang av songar og dans.

Bor barnekor var med i februar med tre songar.

I mars var 1.klassingane med og song «Jesus er min venn».

I november-desember laga Kristine dans til «Himmelens Gave» som blei brukt som allsong.

Tusen takk for godt samarbeid, positive tilbakemeldingar, songforslag, program og ferdiglaga spelelister på Spotify. Me vil fortsetja å jobba for at Bore menighet skal vere ein plass der barna kan ver stolte av å tilhøyra=)

## **2| G2 GUDSTENESTER MED BAND**

Me hadde ni G2 gudstenester i 2024.

G2 bandet har lagt ned mange arbeidstimer for å løfta gudstenestene, og tena Gud gjennom song og musikk.

Bandet består av desse frivillige : Hanne V. Damsgård. (trommer), Hege Skrikrud og Rune Slettbakk (vokal). Øvingsstad er oftast studio i Nordsjøvegen 71, onsdag i gudstenesteveka, eller veka før.

Det er G2 komiteen som planlegg gudstenestene. Den består av Fredrik Frøyshov, Jens Kåre Stokka, Mads Husveg, Oddvin Linjord. Deira for- og etterarbeid er veldig viktig for gjennomføringa av gudstenester, øving og planlegging.

**Presentasjonsgudsteneste for konfirmantane | søndag 08.09.24**

**Konfirmasjonsongdienster, 4 stk** | laurdag 27.04 og laurdag 04.05 song (duett) av Mai Lea, Mai Ester og organist.

## **3| G1 GUDSTENESTER MED ORGEL OG MEDSONGARAR**

*Med-songarane* er eit bærande element for desse gudstenestene. Dei samlast med organist i forkant av gudstenesta sundag morgen og øver igjennom songar og salmar til gudstenesta. Dei syng liturgi, bønesvar og Fadervår fleirstemmig, og betyr veldig mykje for gudstenestefeiringa i Bore.

Gruppa består av Oddvar Høie, Karen Høie, Espen Haavardsholm, Torjus Frøvik, Elisabeth Jørgensen, Marit Irene Klüver Haugstad, Arne Tveranger, Oddvar Anfindsen, Reidunn Oline Skadsem, Torill S. Bøen, Anne Mundal og Rune Slettbakk.

Tusen takk for god medverknad og viktige innspel på musikkfronten.

## **4| ANDRE GUDSTENESTER OG ARRANGEMENT**

**SALMEKVELD** blei gjennomført sundag 03.03 og 24.11 med eit flott utval salmar, solosong og *Med-songarane*. Ola Ohm og Anne Mundal var organistar. I november blei det sett fokus på Holocaust dagen, med «Schindler`s liste» som fiolin innslag, bla.

**«SYNG JULA INN»** var 15.12 med fellessongar, Bore skulekorps og Ola Ohm som organist.  
*Med-songarane* styrka fellessongen. Godt frammøte, god fellessong.

**JULAFTAN & 1. JULEDAG** | julaftan hadde me gudstenester kl.14:00 og 15:30. 10 av *Mini*

*Lovsongarane* var forsongarar på den første. Dei song «Kongens by» som solo innslag. Brødrane Aaron og David Forngren Thorstvedt spelte trommer og bass.

Mai Lea og Mai Esther song solo «Mary did you know» kl.15:30. Isak Haugedal Söderholm var med på euphonium og Arne Tveranger på piano.

I Høgtidsgudstenesta deltok Reidar Kydland med på kornett saman med orgel.

Kyrkjelege handlingar som gravferder og vigsler går sin gang og fordelast på Ola Sotnakk, Elin Kanu og Ola Ohm (kun vigsel).

Tusen takk til alle som har bidratt med flott teneste gjennom året.

Elin Underhaug Kanu, organist

# ÅRSRAPPORT FRA KIRKENS SOS

## ROGALAND 2024

Bore menighet støtter Kirkens SOS, og Oddvar Høie er vår representant i Kirkens SOS sitt årsmøte. Menigheten gir 2 offer i året til organisasjonen, og betaler medlemskontingent. Soknerådet mener at dette er et veldig viktig arbeid å støtte.

15. februar 2024 var det 50 år siden Kirkens SOS startet i Norge. Gjennom disse 50 årene er det utallige mennesker som har tatt kontakt og fått en samtale med en av våre frivillige medarbeidere. For det er de frivillige som er og har vært vår viktigste ressurs siden starten. Natt og dag, hverdag som helg, har de snakket med mennesker i ulike kriser og delt håp. Dette er noe av det beste av det som kalles med-menneskelighet, eller som Bibelen kaller å ha omsorg for sin neste.

15 000 henvendelser fordelt på 13 484 telefoner og 1 716 chatsamtaler oppsummerer 2024 for Kirkens SOS i Rogaland. Tallet er noe høyere enn i 2023, det til tross for en nedgang i antall frivillige. Ved utgangen av året er antall frivillige 81, det er 10 færre enn i fjor. Likevel har vi gjennomført nesten samme antall vakter som i 2023. Våre frivillige imponerer og leverer.

Vi har frivillige i alderen 25 til 85 år der den største gruppen er mellom 50 og 70. Snittalderen er ca 60 og gjennomsnittlig tjenestetid er over 5 år. 10 frivillige har vært her i mer enn 10 år!

Jubileumsåret bar også med seg en vond ettersmak når tallene forteller at 707 mennesker tok sitt eget liv i 2023. Det er det høyeste antall siden 80-tallet. Derfor er vi glade for at det i høst kom på plass et tverrpolitisk nettverk på Stortinget der Kirkens SOS var en av initiativtakerne.

Tanker om selvmord dukker regelmessig opp i samtalene våre, og da særlig på chat. Andre tema som går igjen, er psykiske helseproblemer, ensomhet, relasjonsproblemer og behovet for det vi kaller hverdagsomsorg.

Tusen takk til alle menighetene i bispedømmet for godt samarbeid. Som en døgnåpen krisetjeneste på telefon og chat ser vi på oss selv som menighetens forlengede diakonale arm. Vi tror det er en styrke for den enkelte menighet om det var enda flere fra menigheten som var frivillige medarbeidere! Det er stor pågang og mange som har behov for å bli lyttet til.

Takk for offer og forbønn. Takk for at informasjon om nye innføringskurs blir kunngjort på gudstjenester, og artikler og annonser satt på trykk i menighetsbladene. Det gleder oss også når vi ser at FB-innlegg blir delt videre på menighetens FB-side.

Signe Bøe Trodahl  
Leder